

---

Vår referanse 2020/50460-1  
Dato 11.05.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Alver kommune, søknad om bekkelukking i Molvik

### Om tiltaket

Det er søkt om å lukke 4 strekker i to bekkar på GBNR 227/4; aktuelle strekk er på 40 m, 28 m, 31 m og 13 m. Det er foss nedstraums strekkene som skal lukkast i begge bekkane. Søkjar opplyse at bekkane er flaumbekkar, og var tørrlagt somrane 2014, 2018 og 2019.

Det vert opplyst frå søkjar at det ikkje er fisk i bekkane oppstraums eksisterande røyr. Grunna fossane i bekkane, vurderer vi at det ikkje er anadrom fisk i bekkane innanfor tiltaksområdet.

Bekkelukking er etter vårt syn generelt uheldig og bør unngåast. Opne vassdrag har stor verdi for flora og fauna, som landskapselement, for vasskvalitet og handtering av vatn (flaumkapasitet) mm. Vi viser elles til NVE og fylkesmannen i Vestland si fråsegn i denne saka.

I denne saka vurderer Vestland fylkeskommune at tiltaket ikkje vil ha konsekvens for fisk (det er ikkje fisk i vassdraget osv), og det er difor ikkje naudsynt med vidare handsaming etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Det er difor Alver kommune som må gje løyve etter plan og bygningslova dersom det skal gjennomførast ei bekkelukking.

Med helsing

Endre Høgalmen  
seksjonssjef

Sveinung Klyve  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*